

## MYLLARGUTEN (stev)

Det var vesle Myllarguten,  
Norges beste spilemann.  
Sat med fela under nuten  
der den strie elvi rann.  
Med sin hug han sat og drøymde  
uppi grøne bjørkeli  
rare låt fe øyro strøymde  
springdans leika seg deri.

Innmed og frå siljukallen  
der fekk Myllarguten sjå.  
Grimar med sylvhatt på skallen  
skaut seg upp så til og frå.  
Grov og granne tonar fløynde  
gjennom fossedur og sus  
Myllarguten aller gløymde  
slik ein slått og slik ein brus.

Fuglar dansa etter låten,  
song i land på siljukvist.  
Myllarguten tok til gråten  
slikt han hae aller sett.  
Sea strauk han litt på fela  
når han innmed fossen stod.  
Fossegrimen lærde'n spela,  
det æ'kje under han æ og.

Ja, når Myllarguten spelar  
brurefolk i stova inn,  
gjeng du som i draum og tvilar  
på din eigen sans og sinn!  
Fløytelåt og fine kvende  
huldrelått frå høge nut,  
gråt og leik og sut og glede  
gjeng frå bogadragje ut.